

Til Skulane i Nordfjord

Invitasjon til kunstutstilling – Hans Sande: “Brest i Brynja”

Er du eit skåp, min ven? Er du låst eller open? Kva gøymer du inni deg? Er bringa di eit skåp, som du sjølv kan opne og lukke? Eit løynderom som dine nærmaste kan opne og lukke? Vil du fortelje meg kor nøkjelen er?

Denne hausten er utstillinga “Brest i Brynja” av Hans Sande på Nordfjord Folkemuseum og skuleklasser er velkomne på besøk! Kathrine Svendsby, som sjølv er kunstnar, vil ta elevane med på ei omvising mellom ei rekke bringer i ulike former og materiale. Nokre av bringene er forma som overkroppen medan andre kan opnast og lukkast og minner meir om skåp eller albertavler. Du kjem heilt sikkert til å undre deg!

Klassar som har tid til det kan bli ein ekstra time og vil da få høve til å lage sitt eige skåp i papp. For eldre elevar kan det også vere aktuell å gå djupare inn på kunstnaren sin bakgrunn, og korleis den har påverka hans kunstneriske uttrykk.

Dette tilbodet er som vanleg gratis, og gjeld for veke 45 – 47 og 50. Ta gjerne kontakt for meir informasjon.

Velkommen til Nordfjord Folkemuseum!

Lisanne de Blécourt
Formidlingsleiar
Tlf.: 57 88 45 54

Kathrine Svendsby
Kunstnar / Formidlar
Tlf.: 57 88 45 55



Ønskeskåp av Hans Sande